

Kvartalsrapport

---

3-2008



# Kommentarar 3. kvartal 2008

## Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. I tillegg eig banken 85% av aksjane i EiendomsMegler 1 Geilo AS.

Banken eig 5,88% av Samarbeidende Sparebanker AS, som er ei felleskontrollert verksemd eigd av 16 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS og resultatet av banken sin eigardel i dette selskapet inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa.

Med verknad frå 1. januar 2008 utarbeider banken kvartalsvis konsernrekneskap. Banken sin del av resultatet i Samarbeidende Sparebanker AS utgjer 2,4 mill. kroner. I SpareBank 1 Hallingdal Invest AS gjer sal av aksjane i Torpomoen Eigedom AS sitt til at kvartalsresultatet viser eit overskot på 1,8 mill. kroner. Dei andre dotterselskapa har mindre innverknad på konsernrekneskapen.

## Morbanken

### Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3. kvartal på 30,5 mill. kroner som tilsvarar 0,76% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 27,2 mill. kroner. Resultatet er om lag som forventa.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 84,0 mill. kroner mot 66,7 mill. i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er pr. 3. kvartal på 2,09%. På same tid i fjor var Rentenettoen 2,01%.

Netto andre driftsinntekter er på 22,8 mill. kroner mot 26,4 mill. i same periode i fjor. Inntektsreduksjonen er ein verknad av finanskrisa inn i banken sin rekneskap då reduksjonen i hovudsak skuldast nedskriving av aksjeporteføljen med 3,3 mill. kroner for urealisert tap.

Driftskostnadane viser ein auke frå 55,8 til 61,6 mill. kroner og skuldast fleire tilhøve. Den største kostnadsauken er lønskostnader. Ikkje naturleg ettersom talet på årsverk er høgare enn i 2007. Banken har også kostnadsauke på husleige til dotterselskap pga. høgare rentenivå, men desse kostnadane blir eliminert i konsernrekneskapen. SpareBank 1 gjennomførte eit bytte av logo i april. I kjølvatnet av dette ligg ein del kostnader til marknadsføring, innkjøp av nytt materiell og reklameartiklar. I tillegg er ein del sponsoravtaler utbetalt til no i år. Auken i driftskostnadane er litt høgare enn venta.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 3,5 mill. kroner, og er litt meir enn forventa. Banken har tapsført netto 0,5 mill. hittil i år. Resterande tapskostnad er auke i gruppevis nedskrivingar i kjølvatnet av finanskrisa.

Kvartalsresultatet er tilfredsstillande og om lag som venta. Rentenettoen er noko høgare enn venta, medan verknader av finanskrisa trekkjer totalen noko ned.

### Balansutviklinga

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 5.452 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 10,5% siste 12 månader. Frå årsskiftet er auken 7,9%.

Utlånsvolumet viser framleis vekst, men den har avteke gjennom året. Totale utlån ved utgangen av 3. kvartal er 4.666 mill. kroner, 341 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i% er veksten 7,9% siste 12 månader. Størst er veksten i bedriftsmarknaden med 16,0% siste 12 månader. På privatmarknaden er tilsvarande auke 3,2%. Banken si relative eksponering mot bedriftsmarknaden er 40,4% av samla utlån og har auka noko hittil i år. Utlån til privatmarknaden utgjer 59,6%. Av utlån til privatkunder er 61% til lokalmarknaden i Hallingdal og Valdres. Til bedriftsmarknaden er heile 90,9% til kunder i lokalmarknaden.

Banken starta i 1. kvartal med overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Overført volum ved utgangen av kvartalet utgjer 152,5 mill. kroner og er ikkje med i balansetala. Reell utlånsvækst er difor 11,4%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 3. kvartal 78,2 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,68% av brutto utlån. Samla nedskrivingar for verdifall på utlån utgjer 18,7 mill. kroner per 3. kvartal og er ein auke frå 15,7 mill. ved utgangen av 2007. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 266,7 mill. kroner (sertifikat, obligasjonar, aksjar som inngår i handelsporteføljen). Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 244,5 mill. kroner. Norske og utanlandske aksjar er bokført til kostpris 22,2 mill. etter nedskriving for urealisert tap på 3,3 mill. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andelar i dotterselskap utgjer 62,2 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 2.888 mill. kroner, og er ein auke på 347 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er innskotsveksten siste året på 13,7%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) aukar frå 58,9% ved årsskiftet til 61,9% ved utgangen av kvartalet. På same tid i fjor var den 58,8%.

Banken må finansiere ein god del av utlån med innlån i marknaden. Ved utgangen av kvartalet har banken 7 obligasjonslån på til saman 1.425 mill. kroner. Samla ekstern finansiering utgjer 1.717 mill. kroner. Av dette har 1.117 mill. kroner løpetid på over eit år. Banken har 150 mill. kroner i kommitterte trekkrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjærskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 16,17% ved utgangen av 3. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

### Framtidsutsikter

Banken har gjennomført viktige tiltak i 2. kvartal som har medført at finanskrisa i liten grad påverkar bankdrifta. Lanseringen av PULS – innskotskonto – i april har gitt banken eit løft på innskotsdekninga. Denne trenden forventar me held fram i neste kvartal. Tidleg refinansiering av lån har medført at rentemarginen i mindre grad er påverka av kredittpåslaget (spread-utgang) i marknaden dei siste månadane. Banken forventar å halde rentemarginen på noverande nivå ut 2008. Vekst i innskot og etterspørsel av valutalån har gitt banken svært god likviditet og banken har difor evne til å tilby lån til eksisterande og nye kunder utan å vere avhengig av lån i pengemarknaden dei neste månadane. Det gjer at banken kan halde fram med ein forsvarleg utlånsvækst og dermed skape grunnlag for framtidig inntektsvekst.

SpareBank 1 Hallingdal forventar som alle andre auka volum av misleghelde engasjement og høgare tapstal i tida framover. Banken aukar ressursbruket på overvaking og oppfølging av tapsutsette engasjement. Styret har ikkje motteke informasjon som indikerer at tapstala skal overstige eit normalt nivå. Tapsrisikoen blir vurdert som den største trusselen mot forventa framtidig inntening.

Styret forventar eit resultat som er betre enn fjoråret, men det er knytt meir usikkerheit til kva det vil bli samanlikna med 2. kvartal.

Hallingdal, 30.09.08/13.11.08

Kjell Vidar Bergo  
*Formann*

Kjell R. Kristiansen  
*Nestformann*

Vidar Isungset

Sissel Bjørøen

Berit Heitmann

Mikael Fønhus

Cathrine Fegth

## Resultatrekneskap 3. kvartal 2008 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN		
Året 07	3. kv. 07	3. kv. 08	30.09.07	30.09.08		30.09.08	3. kv. 08	Året 07
252 523	66 382	98 590	172 168	274 348	Renteinntekter og liknande inntekter	269 912	96 702	249 180
154 460	42 267	73 046	105 517	190 395	Rentekostnader og liknande kostnader	190 498	73 095	154 381
<b>98 063</b>	<b>24 115</b>	<b>25 544</b>	<b>66 651</b>	<b>83 953</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>79 414</b>	<b>23 607</b>	<b>94 799</b>
1 643	562	54	2 240	3 192	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	2 585	707	2 147
26 239	6 710	6 783	19 654	19 225	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	19 225	6 783	26 239
2 007	544	567	1 494	1 773	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 773	568	2 007
5 645	848	-630	4 442	753	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	3 123	-483	5 645
1 987	668	467	1 578	1 445	Andre driftsinntekter	12 470	2 944	10 137
<b>33 507</b>	<b>8 244</b>	<b>6 107</b>	<b>26 420</b>	<b>22 842</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>35 630</b>	<b>9 383</b>	<b>42 161</b>
<b>131 570</b>	<b>32 359</b>	<b>31 651</b>	<b>93 071</b>	<b>106 795</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>115 044</b>	<b>32 990</b>	<b>136 960</b>
61 047	14 804	16 072	41 441	46 511	Løn og generelle administrasjonskostnader	52 435	18 108	66 110
1 570	407	352	1 245	982	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	5 360	1 696	6 237
18 560	4 185	4 705	13 073	14 070	Andre driftskostnader	9 600	2 906	14 104
<b>81 177</b>	<b>19 396</b>	<b>21 129</b>	<b>55 759</b>	<b>61 563</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>67 395</b>	<b>22 710</b>	<b>86 451</b>
<b>50 393</b>	<b>12 963</b>	<b>10 522</b>	<b>37 312</b>	<b>45 232</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>47 649</b>	<b>10 280</b>	<b>50 509</b>
5 645	427	2 180	1 056	3 486	Tap på utlån, garantiar mv	3 486	2 180	5 645
-19	0	0	0	0	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	0	0	-14
<b>44 767</b>	<b>12 536</b>	<b>8 342</b>	<b>36 256</b>	<b>41 746</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>44 163</b>	<b>8 100</b>	<b>44 878</b>
12 949	3 296	2 000	9 098	11 200	Skatt på ordinært resultat	11 249	1 879	12 933
<b>31 817</b>	<b>9 240</b>	<b>6 342</b>	<b>27 158</b>	<b>30 546</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>32 914</b>	<b>6 221</b>	<b>31 945</b>
0	0	0	0	0	Minoritetens andel	12	-28	78
<b>31 817</b>	<b>9 240</b>	<b>6 342</b>	<b>27 158</b>	<b>30 546</b>	<b>Resultat</b>	<b>32 902</b>	<b>6 249</b>	<b>31 867</b>

Ikkje utarbeidd kvartalsrekneskap på konsernivå i 2007

## Nøkkeltal

	MORBANK			
	3. kv. 08	3. kv. 07	Året 07	Norm 07
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn. forv.kapital	2,09	2,01	2,14	
Driftskostnader i % av driftsinntekter	57,65	59,91	61,70	59,20
Driftskostnader i % av gj.sn. forv.kapital	1,53	1,68	1,77	
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	8,06	7,43	6,80	11,51
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	5,90	5,57	4,83	8,27
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,07	0,02	0,12	0,04
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	7,89	16,18	19,75	12,94
Innskotsvekst siste 12 mndr.	13,66	6,93	6,81	12,10
Innskot i % av brutto utlån	61,89	58,75	58,89	
Auke i forv.kapitalen siste 12 mndr.	10,48	20,12	15,99	13,67
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital	657 935	630 985	662 011	
Kapitaldekning	16,17	17,73	17,93	15,09
Eigenkapitalprosent	12,75	13,46	13,23	8,95
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,40	0,32	0,35	0,49
Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital	70,59	72,11	73,07	63,48

## Balanse per 30. september 2008 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN	
31.12.07	30.09.07	30.09.08	EIGEDELAR	30.09.08	31.12.07
21 626	25 150	26 276	Kontantar og fordringar på sentralbankar	26 276	21 626
88 826	207 966	372 504	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	372 504	89 654
4 566 726	4 324 519	4 665 545	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 568 912	4 475 918
-5 333	-4 169	-5 574	- Individuelle nedskrivningar	-5 574	-5 333
-10 400	-9 720	-13 100	- Gruppevis nedskrivningar	-13 100	-10 400
4 550 994	4 310 630	4 646 871	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 550 238	4 460 185
247 608	237 740	244 511	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	244 511	247 608
74 149	66 500	84 413	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	117 134	75 210
0	0	0	Eigarinteresser i tilknytt selskap	0	1 382
23 034	4 389	24 060	Eigarinteresser i konsernselskap	0	0
0	0	0	Immatrielle eigedelar	16 802	18 141
8 227	8 566	9 117	Varige driftsmidlar	98 773	93 024
12 824	49 186	13 216	Andre eigedelar	13 337	12 824
27 196	24 384	30 847	Forsoktsbetalingar og opptente inntekter	36 538	34 630
<b>5 054 485</b>	<b>4 934 511</b>	<b>5 451 815</b>	<b>Sum eigedelar</b>	<b>5 476 113</b>	<b>5 054 285</b>
			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		
377 000	452 000	300 546	Gjeld til kredittinstitusjonar	301 763	378 187
2 689 459	2 540 541	2 887 536	Innskot frå og gjeld til kundar	2 880 806	2 686 088
1 265 111	1 192 472	1 424 624	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 424 624	1 265 111
25 879	12 080	32 531	Anna gjeld	31 174	22 338
15 817	61 460	97 815	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	97 638	20 251
12 396	11 793	13 469	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	13 810	12 498
<b>4 385 662</b>	<b>4 270 346</b>	<b>4 756 521</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>4 749 815</b>	<b>4 384 473</b>
0	0	0	Minoritetsinteresser	261	1 894
0	0	0	Fond for vurderingsforskjellar	29 290	0
660 923	637 006	660 923	Annan eigenkapital	-344	-905
7 900	0	3 825	Sparebanken sitt fond	660 923	660 923
0	27 159	30 546	Gåvefond	3 824	7 900
<b>668 823</b>	<b>664 165</b>	<b>695 294</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>726 037</b>	<b>667 918</b>
<b>5 054 485</b>	<b>4 934 511</b>	<b>5 451 815</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>5 476 113</b>	<b>5 054 285</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>		
322 273	375 408	457 294	Betinga forpliktingar	457 294	322 273

Ikke utarbeidd kvartalsrekneskap på konsernnivå i 2007

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	3. kv. 08	3. kv. 07	Året 07
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>			
Brutto misleghaldne lån	78 174	146 994	31 592
- individuell nedskrivning	5 387	2 662	5 137
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>72 787</b>	<b>144 332</b>	<b>26 455</b>
<b>IKKJE MISLEGH.LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	291	15 495	250
- individuell nedskrivning	191	1 691	191
<b>NETTO IKKJE MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>100</b>	<b>13 804</b>	<b>59</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIAI</b>			
Endring gruppevis nedskrivning	2 700	-880	-200
Endring individuell nedskrivning	348	1 801	2 959
Konstatert tap i perioden	516	151	2 945
Inngått på tidl.konst. tap	-78	-16	-59
<b>TILBAKEFØRING/TAP I PERIODEN</b>	<b>3 486</b>	<b>1 056</b>	<b>5 645</b>

Telefon 03202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Ål  
Postboks 173  
3571 Ål  
Gol  
Postboks 33  
3551 Gol

Hemsedal  
Postboks 23  
3561 Hemsedal  
Valdres  
Postboks 183  
2901 Fagernes

**SpareBank**  
HALLINGDAL 